



Ap har 2 uskedelingar i kommunestyret - Jostein Grov til venstre og Magne Huglen til Høgre

**Uskedelingane som er innvalde i komunestyret - 6 i talet - har fått variert plassering i komiteane.
Ein, Magne Huglen (Ap), har fått leiarverv. Han er leiar for komiteen for oppvekst, kultur og idrett. Det er ein viktig komite, hvis den får delegert til seg viktige oppgåver.**

I denne reportasjen sit representantane frå bygda vår på sine faste, permanente plassar i kommunestyresalen



[Kjell Yri nærmast er einsleg Venstrerepresentant i formannskapet](#)

Framstegspartiets Eskil Moen er nestleiar i komite for helse, omsorg og miljø og der har han fått med seg 2 til frå Uskedalen. Det er Venstres Kjell Yri og Senterpartiets Elin Legland. Her er Venstres Bjarne Lilleaas varamedlem sjølv om han ikkje er med i kommunestyret i den kommande perioden.

Gunn Mari Moberg (H), har fått plass i den vikige forvaltningskomiteen og Lilleaas er varamedlem der også.



[Eskil Moen](#) er Frp-representanten frå Uskedalen. Her rettleiar han gruppeleiar Ole Torbjørn Holmedal. Men aller viktigast er sjølvsagt formannskapet, der posisjonen har 5 av dei 9 og Kjell Yri er ein av desse. I opposisjonen her sit Gunn Mari Moberg og blant varamedlemmene finn ein Eskil Moen, Jostein Grov (Ap) og Elin Legland.



Elin Legland representerar Sp

Høgre har flest i formannskapet
- 3 representantar - medan Ap har 2, Frp 1, Venstre 1, Frp 1 og KrF 1.
Den uavhengige Knut Prestnes er også i formannskapet.
Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Gunn Mari Moberg er 1 av 3 frå Høgre i formannskapet